

SFE Nett AS  
Bukta  
6823 SANDANE

Vår dato: 09.08.2017  
Vår ref.: 201104378-304  
Arkiv: 611  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Sissel Jakobsen

## 132 kV Bremangerlandet - Rugsundøy - Samtykke til oreigning

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til søknad av 13. mars 2014 frå SFE Nett AS.

NVE har, etter ei samla vurdering, funne at dei samfunnsmessige fordelane som vert vunne ved anlegga omhandla nedanfor, utan tvil er i overvekt i høve til skadar og ulemper som vert påført andre. For nærare grunngjeving for vedtaket syner NVE til notatet «Bakgrunn for vedtak» av i dag., ref. 201104378-300. Med heimel i love om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 § 2 nr. 19, og mynde gjeve ved kgl. Res. 051.11.1982, gjev NVE med dette SFE Nett AS løyve til å krevje avstått i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane fylke, naudsynt grunn og rettar for bygging og drift av ny Bremangerlandet transformatorstasjon, ny Rugsundøy koblingsanlegg og ny 132 kV kraftleidning frå Bremangerlandet transformatorstasjon til Rugsundøy koblingsanlegg.

Løyvet gjev rett til oreigning av eigedomsrett for følgjande areal:

- Naudsynt areal for etablering av Bremangerlandet transformatorstasjon
- Naudsynt areal for etablering av Rugsundøy koblingsanlegg

Løyvet gjev rett til oreigning av bruksrett for følgjande areal:

- Kraftleidningsgata. Naudsynt areal for framføring av kraftleidningen, inkludert mastefeste. Klausuleringsbeltet utgjer normalt ein om lag 29 meter brei trasé.
- Naudsynt tilkomst, ferdsel og transport. Dette gjeld mellom anna rett til tilkomst, ferdsel og transport av utstyr, materiell og mannskap på eksisterande privat veg mellom offentleg veg og leidnings-/stasjonsanlegg, i terrenget mellom offentleg eller privat veg fram til leidningsanlegga og terrengtransport i leidningstraseen. Bruksretten gjeld òg for uttransportering av tømmer som vert hogd i traseen, naudsynt transport som følgje av riving av eksisterande leidningar og uttransportering av gammalt materiell. Bruksretten gjeld òg landing med helikopter.

Kraftleidningstraseen skal i det vesentlege vere som vist med heil, lilla/raud strek på kart vedlagt anleggskonsesjonen, ref. NVE 201104378-303.

NVE sett føre at SFE Nett freistar å kome fram til minnelege ordningar med grunneigarar/rettshavarar som vert råka. Det er ein føresetnad at De gjev melding til grunneigarar/rettshavarar om

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



oreigningsløyvet, jf. Forvaltningslova kap. V. Vi ber om at vedlagde orienteringsbrev med NVE si påteikning vert sendt grunneigarar og rettshavarar snarast.

Det er mogeleg å klage på avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. Forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi føretrekk elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Oreigningsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett frem krav om skjøn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. Oreigningslova § 16.

Med helsing

Rune Flatby  
avdelingsdirektør

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*